

Ordskifte

TILRÅDD LENGDE: 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Held verda fram langs denne vegen, blir resultatet garantert ein klimakatastrofe.»

Klimakutt og regnskog

MILJØ

SIGBJØRN GRØNÅS OS

Med tiltak i utviklingsland kan Noreg bidra til større klimakutt enn alle dagens nasjonale utslepp. Men dersom vi på heimebane held fram med utsleppa våre slik som no, utan reelle tiltak for å få dei ned, blir tiltaka i utviklingsland berre ei form for avlat, ei grønvasking av klimapolitikken som ettertida vil døma hardt.

Utsleppa av karbondioksid var i 2008 9,9 gigatonn karbon (Global Carbon Project).

Endring i bruk av landareal – for det meste hogst av regnskog – utgjorde 12 prosent av dette. Medan auken i bruk av fossilt drivstoff var ca. tre prosent i året fram til finanskrisa, har bidraget frå bruk av landareal halde seg om lag uendra.

Det største problemet er aukinga i bruk av fossilt drivstoff.

Utsleppa svarar til det scenarioet som FN's klimapanel karakteriserer som business-as-usual, eit scenario utan restriksjonar i bruk av fossilt drivstoff med frie taumar til å ta ut karbonreservar. Konvensjonelle kjelder av kol, olje og gass vil bli tekne ut først, deretter store ukonvensjonelle kjelder – som olje frå tjøresand – som til no nesten ikkje er i bruk.

Held verda fram langs denne vegen, blir resultatet garantert ein klimakatastrofe, med mellom anna kollaps av innlandsis i Vest-Antarktis og Grønland og eit havnivå fleire meter høgare. Enorme mengder metanis i sediment på botnen av havet kan løysast ut, ei hending som etter kvart vil sletta ut alt liv på jorda.

Skal kloten bergast, må verda først einast om å: 1. forby utvinning av ukonvensjonelle karbonkjelder, 2. forby utvinning av petroleum og kol i nye område, slik som i Arktis, og 3. la om

lag halvparten av kjende reserver bli att i jorda. Dette krev at bruk av fossilt drivstoff praktisk talt tek slutt innan nokre tiår. Politikarane i verda har derfor to hovudoppgåver: å arbeida for semjer som sikrar at store reserver av fossilt drivstoff ikkje blir tekne ut, og å leggja til rette for utvikling av fornybar energi for å erstatta bruk av fossilt drivstoff.

Sidan rike land har stått for mesteparten av klimautsleppa fram til no, og i lang tid vil sleppa ut fleire gonger meir per person enn utviklingsland, må rike land overføra store midlar slik at utviklingsland kan utvikla økonomien sin med minst mogleg bruk av fossilt drivstoff og for åvara skogen. Desse oppgåvene må koma i tillegg og ikkje skyggja for dei to hovudoppgåvene.

Norske styremakter må straks syta for at Statoil raskast mogleg trekkjer seg ut av prosjekt for å vinna ut tjøresand i



Tjøresandutvinning i Fort McMurray, Canada. Foto: NRDC

Canada. Denne aktiviteten vil elles bli ein skamplott i norsk historie. Sidan Noreg har mykje å seia for aktivitet i nordområda, har vi også plikt på oss til å arbeida for at petroleumskjelder i Arktis får stå urørde. Noreg må gjera røyndom av det ambisiøse målet om å bli nøytralt med omsyn til klimautslepp i 2030.

Dette må gjennomførast utan å rekna med tiltak i utviklingsland og utan kvotekjøp i utlandet. Skal ein nå det målet, må utslepp på ein eller annan måte prisast så høgt at ein overgang til fornybar energi vil løna seg.

Sigbjørn Grønås er professor emeritus i meteorologi ved Universitetet i Bergen.

Heimføding

SPRÅK

ÅSULV EDLAND OSLO

Fra tid til anna blir eg kalla heimføding av mine vener, uvener og omgangskrins her i hovudstaden. Det botnar sjavsagt i at eg ikkje rør like fint som dei. Eg rør nynorsk godt ispaedd vinjedialekt, eg passar godt på å rydde ut knoti når eg kjem heim til Vinje slik som no på konfirmasjonen i Grunge kyrkje i mai.

Det er ein litt klok mann som har skrive doktoravhandling som

heiter Språk er makt, og det er så sant som det er sagt. Språket er ein måte å vise kor stor ein er, og det er ein måte å vise andre kor små dei er.

Sume dialektar har prestisje, andre dialektar har det ikkje. Eg trur Vest-Telemark-dialektane har prestisje og trur dei til og med har prestisje i Oslo (om det skulle ha noko å seia). Det er i alle fall mi røysnle etter å ha butt i denne byen mesteparten av livet mitt – i førti år.

Dette kom eg til å tenkje på då eg las ordskiftet om Rauland med

tilliggende herligheter, som det heiter på heimedansk, skal seljast på nynorsk eller bokmål. Språket er ei adresse – det fortel kor du kjem ifrå. Er du frå Rauland, så snakkar du raulending og skriv nynorsk, tenkte eg. Men slik er det altså ikkje. Dette innleget viser at det ikkje er så enkelt – eg sit i Oslo og skriv på nynorsk. Forklaringsa er vel at her i Oslo finn ein alle variantar av norsk og utanlandske språk både munnleg og skriftleg.

Men for å koma tilbake til Rauland. Eg trur folk forventar å lesa om det Rauland (og

Vest-Telemark har å tilby) på eit språk som viser kor adressaten er ifrå. Fleire verksemder gjer dette konsekvent og dei meiner det løner seg også økonomisk. For nokre år sia då Finse Hotell 1222 blei opna, gjekk eigaren ut og sa at han annonserte konsekvent på nynorsk. Då fekk han størst åtgaum og merksemd, og det er vel hovudpoenget med PR og reklame: å bli lagd merke til. Det er vel heller ikkje dumt å ta med seg dei gratispoenga ein kan få. Eg var innom Kari Traas flotte butikk på Voss der nynorsk er

brukt konsekvent på alle oppslag om prisar, opningstider og varer. Og minnest eg ikkje heilt feil, så fører det ærverdige Fleischers Hotell like ved same språkpolitikk. Eit av dei største og flottaste hotella i landet, Kviknes Hotell i Balestrand, brukar nynorsk gjennomført. Sist eg var der, var der gjester mellom anna frå Australia og Russland. Dei sat i den flotte matsalen og såg utover Sognefjorden mens dei nippa til raudvinen eller var det kvitvin, for det var det einaste dei hadde ifylge menyen. Ikkje nokon «rödvin» der i huset, nei. Sigurd Kvikne har eit gjennomtenkt språksyn slik far hans, Per, hadde. Språket er ein del av deira personlege identitet, og hotellets. Ikkje langt unna ligg Lerums store saft- og syltetyfabrikk som konsekvent reklamerer på målet. Og dei sel bra til og med i byane.

Eg trur vestlendingane har ei meir medveten haldning til språkbruk i turisme, næringsliv og offentleg styre og stell. Men det er ingen grunn til å stille med husmannskjensle i Telemark heller. Det var forresten ei fin heilsides annonse for Høgskolen i Telemark i Dagbladet for ikkje lenge sia – på nynorsk. Bra. Kanskje dei greidde å kapre nokre bystudentar slik som byane har kapra oss bondestudentar.

De må gjønni selje Rauland på bymål fe min del – en finne alltid Dyre Vå-samlingane, Ride-sentret og Høgfjells (!) Hotellet – men det æ vel litt sjavli?

VIL DU SKRIVE FOR ALLKUNNE?

På www.allkunne.no finn du kvalitetssikra artiklar om nynorsk kulturhistorie.

Vi er ikkje så store enno, men vi er gode!

Alle tekstar blir vurderte av ein kompetent redaksjon, og all skriving for Allkunne blir honorert etter vanlege leksikonsatsar.

Ta kontakt for meir informasjon.

56 52 98 35 allkunne@allkunne.no

allkunne.no

Ivar Aasen-tunet 24. – 27. juni 2010 Volda og Ørsta



Torsdag 24. juni 22.00 Utescena, Aasen-tunet
Steinar Albrigtsen og Monika Nordli Kr 300 / 200

Fredag 25. juni 21.30 Utescena, Aasen-tunet
Sigvart Dagsland Kr 300 / 200

Laurdag 26. juni 21.00 Utescena, Aasen-tunet
Valkyrien Allstars Kr 300 / barn 250 / fam. 750

Billettar og meir informasjon på www.aasentunet.no

Ivar Aasen-tunet

ABC
Startsida

SpareBank
Sparebanken

Sunnmørsposten

TUSSA